Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 30.10.2026
Vår ref.: 202504668-48 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.:

Høyring av søknad og områderegulering for Mellomstrand vindkraftverk

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Time kommune har fått forslag til områderegulering og søknad om anleggskonsesjon for Mellomstrand vindkraftverk. Tiltakshavar i saka er Statkraft Vind Utvikling DA.

I medhald av plan- og bygningsloven §§ 12-10 og 12-11 vert forslag til områderegulering sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Samtidig blir søknad om anleggskonsesjon for Mellomstrand vindkraftverk sendt på høyring etter energiloven § 2-2. Planforslaget og konsesjonssøknaden med tilhøyrande felles konsekvensutgreiing er tilgjengeleg på Time kommune og NVE sine nettsider, https://www.time.kommune.no/kunngjeringar/ og www.nve.no/21565/A.

Vindkraftverk på land skal planavklarast etter plan- og bygningsloven og må ha konsesjon etter energiloven. Time kommune er ansvarleg myndigheit etter plan- og bygningsloven, og NVE er konsesjonsmyndigheit etter energiloven. Det inneber at Time kommune skal ta stilling til områdereguleringa, medan NVE skal ta stilling til om tiltaket får konsesjon.

Invitasjon til offentleg møte 17. november på Karlsbu

NVE vil saman med Time kommune halda eit offentleg møte om saka tysdag 17. november 2026 kl. 18.00. Møtet finn stad på Karlsbu, Buevegen 1059, 4342 Undheim. På møtet vil NVE og Time kommune orientere om sakshandsaminga, og Statkraft vil informere om prosjektet. Møtet er ope for alle.

Høyringssvar kan sendast til NVE innan 15. desember

NVE sender Statkraft Vind Utvikling DA (Statkraft) sitt planforslag (etter plan- og bygningsloven) og konsesjonssøknaden (etter energiloven), med tilhøyrande konsekvensutgreiing, på høyring. Dei som ønskjer det, kan sende innspel til både planforslaget og konsesjonssøknaden. Etter avtale mellom NVE og Time kommune, skal alle innspel sendast til NVE.

Gjennom høyringa ønskjer vi først og fremst innspel til:

- kva de meiner om planforslaget og søknaden
- om konsekvensane og tiltaket er godt nok utgreidd
- om det bør gjerast justeringar i planane for å redusera negative verknader av tiltaket


Høyringssvar til både planforslaget og konsesjonssøknadene kan sendast NVE på éin av følgjande måtar:

- via skjema for høyringssvar på www.nve.no/21565/A
- via e-post til nve@nve.no (merk e-post med «høyringssvar 202504668» i emnefeltet og oppgi namn og/eller org.nr. i innleiinga)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO.

Frist for å senda inn uttale i saka er 15. desember 2026.

Mellomstrand vindkraftverk

Mellomstrand vindkraftverk er søkt med inntil fire vindturbinar med maksimalhøgde på 200 meter. Total installert effekt har ei øvre ramme på 30 MW. Planlagd utbyggingsløysning vil gi ein årleg energiproduksjon på om lag 75 GWh. Planområdet er på 1,2 km² og det er planlagt å bygga om lag tre kilometer med internvegar. Det er også planlagt ein tilkomstveg på 2,1 km som også vil fungera som tilkomstveg for Moifjellet vindkraftverk.



NVE
Norges vassdrags- og energidirektorat

Moifjellet vindkraftverk

I april 2026 sendte Statkraft inn ein søknad om Moifjellet vindkraftverk i Bjerkreim kommune. Dette vindkraftverket ligger rett aust for Mellomstrand vindkraftverk. Mellomstrand er planlagt som ei utviding av Moifjellet vindkraftverk og er avhengig av felles infrastruktur med Moifjellet vindkraftverk.

NVE legg opp til å vurdera Mellomstrand og Moifjellet vindkraftverk samla. For meir informasjon om Moifjellet vindkraftverk, besøk nettsida for saken, www.nve.no/16104/A.

Områderegulering

Formålet med områdereguleringa er å avklare overordna arealbruk for Mellomstrand vindkraftverk, medrekna energianlegg, tilkomst, rigg- og anleggsområde, massetak, vassførekomstar og omsynssoner.

Konkrete krav til teknisk utforming, miljøoppfølging og avbøtande tiltak skal fastsettast gjennom konsesjon og detaljplan etter energiloven.

Orientering av grunneigarar, rettshavarar m.fl.

NVE ber Statkraft snarast sende høyringsbrevet til

- grunneigarar, rettshavarar og festarar av eigedommar innanfor ei sone på minimum to km frå yttergrensa til planområdet, og
- grunneigarar og rettshavarar som ligg innanfor eit belte på 100 meter til kvar side av tilkomstvegen.

Anna

For meir informasjon om NVEs konsesjonshandsaming av vindkraftverk på land viser vi til NVEs nettside om konsesjonshandsaming av vindkraft på land. For generell informasjon om korleis vindkraft påverkar ulike tema viser vi til nettsida om kunnskapsgrunnlag om verknadar av vindkraft på land.

Vi gjer merksam på at utgiftene ved kunngjering og møter i samband med søknaden vert belasta tiltakshavar, jf. energiloven § 2-2 og plan- og bygningslov § 14-5.

Med helsing

Thomas Mo Willig

Senioringeniør

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

NVE
Norges vassdrags- og energidirektorat

Mottakarliste:

Bonde og småbrukarlaget, Sandnes og Jæren v/Tom Ove Øksnevad
Time bondelang v/Torulv Time
NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
STATSKOG SF
STATENS VEGVESEN
ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTEREN I ROGALAND
Bjerkreim kommune
Hå kommune
TIME KOMMUNE
GJESDAL KOMMUNE
Natur og Ungdom
IVAR IKS
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
STATNETT SF
Miljøstiftelsen Bellona
Meteorologisk institutt
Stavanger Turistforening Hovedkontor
Stavanger Turistforening Hovedkontor - Jæren Turlag
FORNYBAR NORGE
NORGES NATURVERNFORBUND
Forsvarsbygg
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)
Norges Miljøvernforbund
Bjerkreim Jeger- og fiskeforening, v/John Skårland
Energidepartementet
Naturvernforbundet i Rogaland
Nasjonal kommunikasjonsmyndighet
TELIA NORGE AS
TELENOR NORGE AS
NORSK VIND AS
LNETT AS
Birdlife Norge
Luftfartstilsynet
Norskog
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
Kystverket
AVINOR AS
Mattilsynet
NHO Reiseliv
BJERKREIM VIND AS
Zero Emission Resource Organisation AS
Forum for natur og friluftsliv Rogaland

NVE
Norges vassdrags- og energidirektorat

Kommunal- og distriktsdepartementet
Norges Skogeierforbund
JÆREN FRILUFTSRÅD
LA NATUREN LEVE
Time Bondelag
Helsedirektoratet
Landbruksdirektoratet
Grunneiere/rettighetshavere
Norsk Luftambulanse AS
Norges Televisjon AS
Norsk Friluftsliv
Fortidsminneforeningen Jæren
EWZ MÅKAKNUTEN VIND AS
NORGES LUFTSPORTFORBUND
Naboer/gjenboere
MOTVIND NORGE
MOTVIND SØRVEST
EWZ STIGAFJELLET VIND AS
TELENOR TOWERS NORWAY AS
OFFSHORE NORGE AS
LIV MELLEMSTRAND
OGNEDALSTØLEN BEITELAG
BIRDLIFE ROGALAND
ICE COMMUNICATION NORGE AS
NHO LUFTFART
LUDVIG MELLEMSTRAND
Sondre Sirekrok Hadland
JÆRRADIOGRUPPEN AS
Trond Hedland

Kopimottakarliste:

TIME KOMMUNE - Rita Ørsland
STATKRAFT AS - Kristin Serck-Hanssen